



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4973 - 15/24254

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.07.2015

Utsleppsløyve - oppgradering av avlaupsanlegg for einebustad - gbnr 215/19 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 291/15

Tiltakshavar: Lars Ludvig Eidsnes
Ansvarleg søker: Stendal VVS AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 PE
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for einebustad på gbnr. 215/19. Bustaden har i dag ein eldre slamavskiljar med sandfiltergrøft. Det er no søkt om å fjerne den eksisterande slamavskiljaren og setje ned ein ny som skal koplatt til eksisterande sjøleidning som går frå gbnr. 215/81.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 PE.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.04.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål, omsynssone landbruk.



Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan motteke 27.04.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1 d.

Reinsekrav

Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført til eksisterande avlaupsleidning på eigedomen gbnr. 215/2, som går vidare derfrå til privat felles avlaupsleidning i sjø.

Søknaden om utsleppsløyve gjeld heilårsbustad. Anlegget må vere dimensjonert for 1 bueining.

Det er ikkje opplyst kor mange som er knytt til fellesleidninga i dag. Kommunen føreset at den etablerte avlaupsleidninga som ein skal knyte seg til har tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande kvalitet, samt at det samla utsleppet kjem inn under bestemmelsane i forureiningsforskrifta kap. 12.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling då ein finn at naboeigedomane sine interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomane gbnr. 215/5 og gbnr. 215/2. Det ligg føre avtale om legging av leidningar på gbnr. 215/5 datert 31.03.2015 og gbnr. 215/2 datert 30.03.2015. Tiltaket skal også koplast til eksisterande privat vass- og kloakkleidning som går frå gbnr. 215/81 til kum og sjø. Tilkoplinga vil skje på gbnr. 215/2 og gå derfrå til sjø. Det ligg føre avtale om påkopling til eksisterande, privat vass- og kloakkleidning på leidning tilhøyrande gbnr. 215/81 datert 30.03.2015. Det går også fram av fråsegn frå eigar av gbnr. 215/2 at tilkoplingspunktet er på denne eigedomen.

Avtalane må vere tinglyst før det vert gitt midlertidig bruksløyve eller ferdigattest.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Ny vass- og avlaupsleidning frå omsøkte eigedom vil tilkoplast eksisterande vass- og avlaupsleidning på gbnr. 215/2. Desse leidningane går frå gbnr. 215/81 til sjø.

Vatn

Det er i vedtak datert 22.06.2015 frå VA-avdelinga i Lindås kommune gitt løyve til tilkopling til kommunal vassleidning.

VURDERING

Tiltaket det er søkt om vil gje ei betring i høve til eksisterande situasjon. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart motteke 27.04.2015.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av anlegget etter reglane i plan- og bygningslova vert handsama som ein del av byggesaka. Naudsynt løyve må liggje føre før arbeidet kan ta til.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå slamavskiljar for bustad med 1 bueining på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjent type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning og knytt til eksisterande avlaupsleidning på gbnr. 215/2 som går frå gbnr. 215/81 til sjø.**
- 2. Anlegget skal dimensjonerast for 1 bueining.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga. Det skal dokumenterast at slamtømming på ordinære vilkår er mogleg før det vert gitt midlertidig bruksløyve eller ferdigattest.**
- 4. Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 5. Dersom kommunen på sikt set krav om det, skal eigedomen knytast til offentleg godkjent avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området.**
- 6. Avtalane som syner at tiltaket det her er søkt om har rett til å leggje vass- og avlaupsleidningar over andre eigedomar må vere tinglyste før det blir gitt midlertidig bruksløyve eller ferdigattest. Dette gjeld rettane gitt av eigarane av gbnr. 215/2, 215/5 og 215/81.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3 a)	Utsleppsløyve < 50 PE	1 x 5 600,-	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4973

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lars Ludvig Eidsnes

Vestre Håbakken 4345
11

BRYNE

Mottakarar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND